

# UTSKRIFT AV MØTEBOK

## BYKLE KOMMUNE – KONTROLLUTVALET

Onsdag 06. mai 2020

### SAK 09/20 KOMMUNEREKNESKAPEN 2019, BYKLE KOMMUNE

#### Vedtak:

*Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:*

***Kontrollutvalet har handsama Bykle kommune sin rekneskap for 2019. Driftsrekneskapen syner kr 161 523 660 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 20 668 312. Saman med årsrekneskapen låg det føre årsmelding frå kommunedirektøren og revisjonsmelding frå Agder Kommunerevisjon IKS.***

***Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av rekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, samt kommunedirektøren si årsmelding, dekkjer dei formelle krava i rekneskapsforskrifta og rekneskapsbrukaren sitt informasjonsbehov.***

***Ut over dette og det som kjem fram i melding frå revisor, har kontrollutvalet ingen merknader til Bykle kommune sin årsrekneskap for 2019.***

**Saksutgreiing:**

**Sakshandsamar: Inger Lise Austrud**

#### **Lover, forskrifter:**

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992

Forskrift om årsrekneskap og årsmelding av 15. desember 2000, med endringar i 2004

#### **Saksdokument som er lagt med saken:**

Årsrekneskapen for 2019

Årsmeldinga for 2019

Revisjonsmelding, datert 17. april 2020

#### **Saksopplysningar:**

Driftsrekneskapen viser kr 161 523 660 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 20 668 312.

Årsrekneskapen inneheld balanse per. 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentleg brukte rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Årsrekneskapen er utarbeida etter dei formelle krav som stilles i kommuneloven med tilhøyrande rekneskapsføresegner i forskrift for årsrekneskap og årsmelding og god rekneskapsskikk i Noreg.

Revisor vil vera til stades i kontrollutvalet sitt møte og kan svare på mulege spørsmål i samband med rekneskapen.

**Framlegg til vedtak:**

Uttale frå kontrollutvalet til kommunestyret:

**Kontrollutvalet har handsama Bykle kommune sin rekneskap for 2019. Driftsrekneskapen syner kr 161 523 660 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 20 668 312. Saman med årsrekneskapen låg det føre årsmelding frå kommunedirektøren og revisjonsmelding frå Agder Kommunerevisjon IKS.**

**Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av rekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter, samt kommunedirektøren si årsmelding, dekkjer dei formelle krava i rekneskapsforskrifta og rekneskapsbrukaren sitt informasjonsbehov. Ut over dette og det som kjem fram i melding frå revisor, har kontrollutvalet ingen merknader til Bykle kommune sin årsrekneskap for 2019.**

---

Rett utskrift:

Inger Lise Austrud  
Utvalssekretær

Utskrift sendt elektronisk til: Postmottak, ordførar, rådmann, økonomisjef